
Fra: Anne Elisabeth Waage
Sendt: tirsdag 6. mars 2018 11.40
Til: 'post@sjofartsmuseum.no'
Emne: Utstillinga Mangerkulturen

Til Bergens Sjøfartsmuseum

Radøy bibliotek tok i 2017 kontakt pr. telefon med Bergens Sjøfartsmuseum for å høyre om museet var interessert i å ta imot utstillinga «Mangerkulturen» som no står i Radøy bibliotek, for ei tidsavgrensa periode. Saken var på førehand klarert med Radøy kommune. Det vart den gangen teke atterhald om godkjenning frå Eivind Kolflaath, son av Bård Kolflåth som gjorde funna som danna grunnlaget for teorien om «Mangerkulturen.» Denne godkjenninga er no sikra.

«Mangerkulturen» er ei samling arkeologiske funn som vart viktige og som flytta båthistoria i Noreg. Ei rekkje funn av båtdelar, verkty og bygningsrestar ved Nesvågen i Manger, dokumenterte ein samanhengande kultur frå kring år 0 til kring år 700 (sjå bilete)

«Mangerkulturen» har vore viktig for Radøy sin identitet og eit av klenodia i utstillinga er «Hovdingkeipen» som er nytta som motiv for Radøy sitt kommunevåpen. Det vil bli sett i gong eit arbeid med digitalisering av utstillinga for å gjere den lettare tilgjengeleg for publikum, og «Mangerkulturen» med funnstaden Nesvågen vil i løpet av kort tid bli geografisk søkbar på Nordhordlandskart : (www.nhdigi.no)

Nordhordland er no valt t ut som pilotprosjekt i samband med UNESCO sitt Biosfære-program (MAB) og området og kulturminne som ligg der vil komme meir i fokus.(<http://www.nordhordland.net/om-nordhordland-biosfaereomraade.356492.nn.html>)

Då Radøy bibliotek var i kontakt med Sjøfartsmuseet i 2017, vart det uttrykt ønske om å få sjå bilete av utstillinga. Biblioteket hadde ingen bilet-filer å send over på det tidspunktet, men vi har no teke nokre og sender dei over. (kvaliteten på bileta er diverre ikkje gode, men vi voner dei kan gjere nytte førebels)

Sender og over skanna bilete av brosjyra om «Mangerkulturen» då den ikkje vart teke vare på digitalt etter at den vart laga.

Arealkrav slik utstillinga no står i Radøy bibliotek :

Lengd: 7,25 m Høgd: 2,25 m Dybde: 0,96 m

Radøy bibliotek /Radøy kommune voner at tilbodet om gjesteutstilling av «Mangerkulturen» vil vere av interesse for Bergens Sjøfartsmuseum!

Med helsing

Radøy bibliotek
v/Anne Elisabeth Waage, leiar
Idrettsvegen 15
5937 MANGER
mob. 47026335